

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. Gifteferdig ungdom Nr. 71 Fylke: Oppland.

Tilleggsspørsmål nr. Herad: V. Slidre.

Emne: Bygdelag: Øyebrygde i Røn.  
Gullik Kirkevoll. Kirkevoll.

Oppskr. av: Gard:

Jomfrubraatvn. 25, G.nr. 66 Br.nr. 2  
(adresse): Bekkelagshøgda, Oslo.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Eige røynsle og etter det eg høyrd av eldre folk i min ungdom, utan at eg kan seia

B. Eller om den er etter andre heimsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):  
dette nærmere. Sjølv fødd 25/8 1895 i Røn, V. Slidre, og var der 25 aars aldreh. So gjekk eg Valdres landbruksskule og Oppland

SVAR

Hage-  
bruks  
skole

- I) Det trur eg aldri har vore tale um eller praktisert.
- 2) Ingen saag noko gale i det um nokom gifta seg ut or bygdi.
- 3) Som regel var det nok slik at ein helst gifta seg med ein person fraa sama sosiale lag, um det nok kunne vera undantak.
4. Det gjalt baade for søner og døtre.
5. Foreldra trur eg ikkje avgjorde giftarmaal, men ofte ville dei nok ha eit ord med i laget.
6. Dei største gardeigarar hadde sikkert sine planer, men høyrd ein svert lite um.
7. Folket paa grangarden - Marit og Ola A. Kirkevoll - hadde ei dotter (daa eg var liten). Marit brukte aa kalle meg for maagen sin - det var berre aa taka burt skiftsgarden. <sup>men jeg</sup> Me var einbende baae to. Gjenta døydee i ung alder. Ein mann fraa Vang som kjende min far godt tala nok fram-paa um gifting med ei dotter hans og meg medan me var ganske unge. Liknande hende sikkert mange stader, men eg veit ikkje um det førde fram so ofte. Eg trur gjente og gut fann kvarandre sjølv som oftast.
8. Ordet syskinbyte var vanleg brukt. Min bestefar (godfar) var mest brukt. <sup>var gift med Gunhild fraa Øde. Hennes bror</sup> Ola var gift med syster til godfar - Marit. I grunnen so gjorde dei systerbyte, men det vart sagt at dei gjorde syskinbyte. Det var ikkje so uvanleg at det vart gjort syskinbyte.

- 2
9. Noko prov paa dette kan eg ikkje hukse utanum det eg har nemnt, men at foreldrene og borni og rekna med dette er velyg dette aa "styrkja ætta" var og eit pluss.
  10. Gifting millom syskinbarn var ikkje bra og var meir sjeldan, men kan hukse det fraa V.Slidre. Oftar hende det millom trimenningar og firmenningar.
  11. Det trur eg var likt.
  12. Naar det gjalt giftarmaal so hende det nok før i tidi at born sette seg opp mot foreldra sine.
  13. Det skulde ikkje gaa bra med slike born. Det var vanleg meinig.
  14. Dei unge kunne vel iblandt finne hjelpe hjaa andre enn foreldra, men folk vilde nødig blande seg bort i slikt.
  15. Før mi tid veit eg det vart skote for brurfylgje, men eg har høyrt at det skulde vera til ære for brudeparet og brudlaupet.
  16. For slike prøvor kjenner eg ikkje noko konkret døme.
  17. Stort sett so stod vel alle meir eller mindre fritt naar det gjalt aa finne seg gjente ~~eller~~ gut, men likevel maa ein seia at det var skikken og söke denne innan sin ei-<sup>gen</sup> stand. Som regel vilde nok ikkje ein tenstgut eller husmannsgut vaage aa by seg fram til ei gjente fraa ein litt større gard. Men det var sjølsagt undantak. Tenestfolk stod nok friar innan si gruppe naar det gjalt slike valg.
  18. Eg har ikkje høyrt um at enkjer kunne velja seg ein ungkar. Men det vart før i tidi sagt ofte av ~~KIM~~ ungkarar: "Eg vil gifte meg med ei enkje som har mykje gamale mat". Med gamal mat, so var det meint spekjemat, spekjemflesk og spekjecjkjøt og kanskje gamal ost, som vart sett stor pris paa.
  19. Det vart nok rekna med at gjentor hadde tent seg opp so dei hadde pengar i banken. For ei tid sidan kom det ikkje so faa gjenter (hallinggjenter) som vart gift til Valdres. Det var soleis ei vanleg meinig at desse hadde større heimafulgd, serleg naar det gjalt reide pengar, enn gjentone fraa Valdres.
  20. Naar ein sov paa kvit ost so skulde ein drøyme um den tilkomande, eller ogso taka 3 steinar fraa nordrennande vatn og leggje under hovdelaget (hovudputa) og sova paa. Eller rekne aasane i ei stogo eller stølsæl 3 gonger fraa kvar kant. Daa skulde ein ogso drøyme um kjøresten - eller den ein skulde bli gift med. - Det var og svert vanleg aa bli spaadd i kaffegrudd. - Alt maatte gjerast paa ei torsdagsnatt og i 3 paa rag.
  21. Eg kan hukse fortalt at ei gjenta hadde lagt seg etter ein gut ved aa gjeva han eit eller anna til aa drikke. Det vart fortalt at guten kunne kaste det han hadde i nevane og springe til denne gjenta midt paa ljose dagen. Eg kan nok hukse baade gjenta og guten, men dei er døde for ei tid sidan. Det var ein kjekk on intelligent gut, gjenta kjende eg mindre til. Men det vart sagt at dei folki kunna litt av kvart. Og at det var ein djevel i kvar av den ætti.
  22. Kor lenge slike raader sat i har eg ikkje høyrt noko bestemt um.
  23. Vaksne gutar og gjenter kunne nok tala ved kvarandre, men ikkje fylgjast aat ~~-heist~~ naar dette raaka so tilfeldigvis.

### II. Nattefriing.

24. Kva tid nattefriingi vart slutt i mi heimbygd kan eg ikkje seia - um ho endaa er slutt. Det er i allfall ikkje meir enn 4-5 aar sidan eg høyrdet det vart praktisert, men kor mykje allvor det var i det veit eg ikkje. Men eg kan godt tenkje meg at det gaar for seg endaa, serleg naar gjentone er stølsmaanaden sin (ileine paa stølen ferelosten paa sumaren). Eller naar gjentone er ileine heime paa garden og gutane faar greide paa det.

25. Fri og fridde og ein friir (friir) med lang i lyd var det vanlege namnet-(fleire friira) Det heitte mest:"aa gaa ette gjento " t.d."vil du vera med gaa ette gjento i kveld?? Det var ogso tala um"fripiko"t.d. :"Hona Kari er fripika hans Per". Nattskarr var ein som rakla uppe lenge um natte,men det hadde ikkje noko med friing aa gjera,men eg nemner det likevel.
26. Nattelauping (nattelaupar) kunne tyde det sama som nattefriing,men var ikkje akurat det sama.Nattelauping kunne vera at unggutar- fleire saman-gjekk"aa tala paa til gjento",nemast for aa faa til noko moro.Noko maatte dei finne paa.
27. Dei kunne ofte gaa fraa gard til gard der dei viste det var gjento som hadde rom slik at ein kunne prate med dei. Det var ofte fleire ilag -kan hende upp til 6-8 stk.Ein som var god paa kjeften skulde"prate paa",tala paa glaset. Han"aabrigda"maalet sitt slik at dei ikkje kunne kjenne han.Det gjalt aa finne paa aa seia noko morsomt slik at dei andre fekk noko skrata aatt.Dette kunne bli reinte skodespelet (kanskje den eldste formi for dette her i Noreg). Og tilslutt maatte gjentone eller gjenta til aa fnise og læ ogso. Elles var det vant aa faa gjentone til aa svara naar det vart"prata paa" paa denne maaten.Dei forstod at det var fleire i fylgjet og at det ikkje vaer meiningi og vilje inn.-- Naar dei hadde halde paa slik ei stund so bar det til neste gard.
- Som regel vart det ikkje gjort nokor "pelemente" med nokon ting;for det gjekk gjerne ut over gjenta eller gjentone.Men var mannen paa garden ille likt blant ungdomen so hende det ikkje so sjeldan at eit enn anna vart handsama og snutt paa baade av reidskap og kjøredoningar - til dels ogso gjøymt burt i dei verste tilfello.Men det kunne vera berre ein einskild mann i bygden som var ute for slikt.
28. Gutane som var med maatte nok helst vera konfirmert, men det kunna vera undantak her ogso.
29. Gutane som gjekk ikring slik for aa halde moro var fraa sama gren. Men det var ofte at det kom gutar paa vanleg friing fraa andre stader,serleg etter syklane kom i bruk. Og det hende dei hadde hest med seg og.
30. Nattelaup for moro,daa var det nok med gutar fraa alle sosiale lag,daa var ikkje maalet aa koma inn til gjentone.
- 31.** Denne slags friingi gjekk for seg berre um sumaren daa dei meir fritt kunne hava noko moro.Daa var kanskje baade mannen, kona og borni paa garden paa stølane.Fraa vaarparten og utover forsumaren daa var gjentone paa stølane og daa var friingi der. *infjø*
32. Nokor friing i joli har eg høyrt um.Det maatte vel helst vera den tidi gjentone laag i fjøset.
33. Naar det kom gutar fraa grannelag so var dei ikkje akurratt velsedde um det var meiningi aa"reise med gjentone". Og det raakte nok at det vart gjort "pelemento" baade paa ein og annan maate m.a. aa prøve aa stenge guten eller gutane inne um dei var komne inn til gjenta eller gjentone.
34. Nattelauping for moro,der kunne dei gaa saman baade bondesøner og tenestegutar.Men var det friing for allvor so gjekk vel guten helst einsleg -eller um det var to gjentor so gjekk to gutar saman.
35. Ukjent for meg.
36. Det var sikkert ingen nattefriing i jol og paaskeveka, Og sjølvsagt ikkje um det laag lik paa garden. Eg har høyrt um ein friir som brukte aa gaa til ei gjente.Men so hende det seg at eit lik vart lagt i det rommet som gjenta brukte aa vera.Ei glasrute var ute og guten hadde eiin stav med seg so han vilde kara burtpaa gjenta med.Han fekk seg ein skrekk i livet daa han vart var kva som laag i sengen.

35. Det var mest vanleg med nattefriing laurdagar og til-dels ogso sundagskveldar. Men aldri midt i vika anna i ser-lige høve - det var berre folk med gode tider som kunne gaa midt i veka.

Det var ofte ganske slitsomt for guten naar han kanskje maatte gaa det meste av ei mil i ulende for han kom fram til gjenta si paa stølen, og so skulde han han sama vegen att-ende um morgen. Min mor fortalte um ein gut fraa Røvang som gjekk fraa Strø og til Bukono for aa fri paa ei gjente. Det er to stølslag i Vestre Slidre vestfjell. Guten var temmeleg trøyt etter dei turane.

Det hende ogso at guten kunne gaa vil i mørket og maatte overnatte ute. Slik som ein gut som ikkje kom over Kvituren i Vang daa han skulde gaa til gjenta si.

37. Helst gjekk visse grupper paa nattelauping i visse strok, og paa visse gardar i heimbygdi, men dei kunne ogso taka tu-rar lenger burt, serleg paa stølane, der tildels stølane fraa Slidre kom nokso nær Vangstølar og Hallingstølar. Det hende som eg huksar at det kom gutestraue fraa Vang sør paa slid-restølane. Det var serleg i Grunke, der eg var med paa fisking i mine unge dagar.

Det hende ogso at gjenone var so skøyeraktige at dei kled-de seg i karkleæde og gjekk paa friing til andre gjentor, for aa sjaa korleis det tok seg ut. Min mor fortalte at ho hadde vore med paa det i sine unge dagar. Dei gjekk fraa Strø (slidrestølar) og nord paa Tangane (Vangsgjeldstølar) "Prata paa" og kom inn, men dei vart ille ute daa dei skulde faa traktering.

Sjølv var eg som smaagut med 3-4 av grannegjentone som fann paa aa skulde sta fri paa ei anan gjente som var ileine heime paa garden. Dei vilde sjaa korleis ho tok det. Dette var heime i bygdi. Men dei prøvde det sama paa stølen. Daa skulde ogso eg vera med. Dei var vel vaksne gjento og eg var berre smaaguten. Daa bann dei paa at dei skulde gaa burt til eit anna stølslag - Trollhøvd" og fri paa Rønsgjentone. Me kunne sjølvsagt ikkje gaa inn. -

Ja slik kunne nattelaupingi gaa for seg. Det var som mest ei uskuldig moro, der baade guta og gjentor kunne vera med for aa faa til litt spenning og moro.

38. Den guten som "prata paa" glaset aabrigda støtt maalet sitt so han vart ukjenneleg. Daa kunne dei bli nokso tynne i maa-let. Ein gut som heite Jon i Sletten (mindre bruk) han og ein annan ein skuld" "gaa ette gjento" paa Øyestølo-støla til Kirkevoll. Det var two av dess gutane og Jon skulde "prate paa". Det var to gjentor som var inne, og denn eine gjenta sa: "Du er so grann i maale, du maa inkji ha faatt smør". Det var sjølvsagt berre spøk fraa gjenta si side, men guten tog det upp for allvor og fortalte mor sine dette som heitte Sigrid og hona vart fornerma og tok fatt i gjentone ein gong sidan og sa m.a.: "Det har ikkje vore akuratt so mykje smør i Sletten, men det ha daa raakke til lite aat hono Jon likevel". - Eg kan hukse baade Jon og Sigrid som reiste til Amerika. Gjentone som sa det kjende eg ogso. Som ein ser so hadde nattelauperiet mange sidor, og var ein ganske stor lekk folkelivet - haan ungdomen.

39. Noko vers fraa slike høve kjenner eg ikkje til. *sjá tilstutt*

40. Det var sjølvsagt um aa gjera aa fara fram so stilt som mogeleg, serleg for dei som kom inn. Var det komen inn ein gut til ei gjente so var det ofte andre gutar som kom til eg maatte staa ute at dei ved aa halde leven vilde prøve paa den maaten aa røyke guten ut att.

41. Foreldre og husbondsfolk var ikkje blide paa denne friingi. Det kom mykje an paa kor gild guten var. Ein gut fraa V. Slidre fridde paa ei gjente i Ø. Slidre. Guten hadde vorte liggande litt for lenge um morgen til sjølve folket hadde stande upp. Men han fekk kaffe og traktering. Daa mann sporde kvar han var fraa so svara guten at han var son til noko baadlause følk i V. Slidre.

Mannen likte ikkje dette svaret og sa: " Du kan spara deg med aa koma hit att i eit slikt ærind" "Ja det sama har eg meint ", svara guten.

42. Det var vanleg at gjentone skulde gjera seg lite kostbare for dei lét upp, sjølv um det var ein bra gut som var ute paa friing. Men det hende at hvis ikkje gjenta vilde leta upp so braut guten seg inn. Det hende seg nok ikkje so sjeldan, men daa trudde guten seg nokso godt.

Ein bra gut paa austsida i Høn. Eg var bedt burt til hono ein sundag. Ma tok mor hans til aa erte han for at han ~~KK~~ hadde bryte seg inn til henne. Ingebjørg Tuv. Han vilde ikke svara stort paa det. Guten Haldor Ulvestad vart sidan gift med gjenta, og dei Iver bra-dei er paa min alder.

43. Gutane hadde som oftast med seg drops, seinare ogso sukkerlade, ~~ikkje~~ so ofte brennevin. Det var sjeldan vare som regel.

Eg har hørt um ein gut som var gniaraktig, han hadde med ei tomflaske og so brukte han og seia: " Ho er tom ser eg". *Synt fram flaska*  
Det vart sidan ei herme.

44. Gjentone kunne koke kaffe til guten. For lengre sidan var det vanleg med nafta. Det brukte baade gutane og gjentone og so kvitt tøppesukker som dei gnog paa til bytes. Men det var for ganske lang tid attende. Kan vera for 80, 90 og 100 aar sidan.

45. Gjentone lét seg vel ikkje vare med kven dei likte best.

46. Kor lenge slige friarar gav seg til var vel so ymse etter dei ymse tilhøva. Men som regel maatte dei gaa ei tid før folk stod upp so dei ~~vart~~ sett; for daa kunne det bli umtala.

#### Matfrira .

Det raakte at ein gut ikkje akurat meinte so mykje med det han fridde. Folk meinte det ofte var for aa faa go mat han gjekk slik. Og paa stølane hende det at gjenta kokte rummegarut til guten eller gutane. Det har eg sjølv vore med paa. ~~Dette hende seg ofte - og dette var kalla matfriing~~

Nord i Slidre paa ein av auststølane var det ei gjente som hadde koka rummegraut aat guten sin. Eit par andre gutter var ~~ogsø~~ utanfor veggen og fylgte med i dette. Men dei upp-daga seg ikkje. Daa grauten var ferdig so ~~dron~~ eine guten burt i fjøset og fata ein gris i øyro. Den tok som venteleg til skrikke noko skrekkeleg og baade gjenta og guten sprang paa døre før aa sjaa kva som var tids i fjøset. Medan sprang den andre guten inn i sålet og tok med seg rummegrauten.

Det var laage ~~KK~~ stølssæl den tidi. Paa ein støl der gjenta heldt paa koka rummegraut til guten so var det to upp taket og hadde laga seg ein krok og drog gryta til seg upp paa taket. Men dette er ikkje so heilt truleg, medan den første skal vera heilt sann. *Den drog grætiggrøya opp gjennom*

*Den einslege nattefriaren.* *puis pipsa.*

47. Det kunne vel hende att ein av gutane vart att hjaa gjenta naar dei andre gjekk, naar gjena paa ein eller fleire maatar gav til kjenne at ho likte han best. Daa var det rimeleg at dei andre forsvant.

48. Var det ein friar som vilde hava ei gjente ~~aa aleine~~ so gjekk han helst før dei andre kom eller etter. *Ikkje var denne natelaupingi held so vanleg anna guten eller gutane kunne nok gaa til gjenta si i ro og mak.* Det kunne vera etter so mykje ungdom (gutar det var i krinsen) og mykje hadde det aa seia at ein hadde ein som var flink til aa "prate paa" slik at det vart moro av det. Eg kan hukse det var ein summar-kar i Braka (granngard til oss) Han var fraa Ulnes Gudbrand Hagen som var so utløyst god til aa prate paa til gjento.

Naar me fekk med han om kveldane daa hadde me det moro.

49. Ja, det skulde nok vera hemmeleg at ein gut gjekk og fridde til ei gjente, men som regel vart det sport likevel.

50. Kor lenge ein gjekk til sama gjenta er ikkje godt aa seia.

Det kunne vera ~~z~~ aar, heilt aar eller meir for dei vart trulova. Men det rakk det vart slutt att ogso.

51. Til aa byrgja med var det gjerne singerringa av sylv. Det var ogso vanleg aa laane rinagr av kvarandre og daa serleg laane av gjentone. Ja, det raakte dei laante gullringar og. Dei tok dei ofte av gjentone med makt med ~~og~~ mot deira vilje. Guten gjekk so med den ei tid for han leverte den attende. Elles var det guten som gav mest. Det kunne vere sulgjor og andre vakre smaaating, men ogso klær. Gjenta kunne ogso gjeta eit eller anna til guten. Det kunne og vera slikt som krukke til gjenta um ho ikkje hadde ei bra slik før, men det var nokso vanleg.
52. Ja, det kunne bli gjort ymse "pelemento" med den einslike friaren og den spøken kunne bli nokso grov. Det kunne vera gutar som av ymse grunnar eller kanskje berre for moro gjorde slike "pek". Ein litt eldre ungkar fraa austsida av fjorden i Røn. Han held paa aa vilde gifte seg, men han vilde ha berre av dei alle likaste gjentene. So skreiv han til ei av dei gildaste gjentone paa vestsida, og sette stevnemøte med henne ved Mjølners skytterhus. (Den gong forsamlingslokal) Gjenta var ikkje noko lysten paa møtet og eit par gutar hadde faatt nys om stemmehøste. Dei hadde nok faatt sett brevet og. Og so gjekk dei avstad i staden for gjenta. Han Tor kom roande over fjorden i baat. Men daa han skulde upp aa taka mot gjenta, so passa gutane paa aa taka baaten og drog den upp i skogen og gjøymde han burt. Han treftet ingen gjente og baaten var burte. Og han Tor maatte gaa um Fosheimsbruni.
53. Strøy med sagflis er ukjent for meg. Men at dei kunne ta ein sneldetraa eller annan lang traa og feste i glaset der guten og gjenta var og so gnu paa traanen med hjarpiks. Det vart ein skrekkeleg leven i glaset og heile huset.
54. Gjenta og guten likte vel dette so passeleg, men det var ikkje med alle dei torde aa gjera slikt. Var det ein gut som ikkje var skuggeredd so var han nok ikkje bljug for aa gaa ut og helse paa uromakarane.
55. Foreldra likte det vel heller ikkje so bra, men dei tok det som oftast med godt humør. Men eg trur ikkje det var ofte det hende.
56. Slike pelemento hende ikkje so ofte, det var helst berre mot dei som dei ikkje trudde ~~unge~~ bite fraa seg, og som unge gapa trudde dei kunne halde moro med.
57. Friinga paa stølane gjekk for seg som heime i bygdi. Kan hende med den skildnad at her kunne guten binde paa seg eit beiksel (hestebeksel) og seia at han leite etter hestane for aa unga at folk forstod at gan gjekk "ette gjento". Og paa stølane var det som før nemnt lettare høve til aa faa gjenta eller gjentone til aa koke rummegraut, eller annan god og kraftig stølsmat.
- Det var som før fortalt paa stølane det kunne koma frira paa slidrestølane baade fraa Vang, Aurdal og like fraa Hallingstølane, som Hydalen, Hallinglykkja og Golingstøla. Her i traktene var desse kjende fjellstemnene millom hallinger og valdriser - som Lykkjedansen og Storlidansen og Hølmedansen. Ei syn i Helevatnet, som ogso var kalla Heletubba.
- Andre maatar som førde ungdomen saman slik at dei lærde kvarandre aa kjenne.
- A.Paa kyrkjebakken.
58. Det var vel fritt for aa tala saman paa kyrkjebakken, men vart vel neppe gjort so blug som ungdomen var.
59. Fraa gammalt var det skikk og bruk aa ha med litt brennevin til kyrkje joledagen og nytaarsdagen um det var noko serleg til andre tider er vel lite truleg. Men eg trur det var meir vanleg med kvitt tøppesukker i store KUMPEK klumpa. Som dei gnog paa tildels so tannblodet farga det harde sukkeret.
60. Har ikkje hørt um at gjentone hadde med kaker.
61. Ukjent.

- 62. Trur ikkje det.
- 63. Ukjent.
- 64. Ukjent.
- 65. Har ikkje høyrt um.
- 66. " " " " ".

7

Men naar det var messe (ute naar det var fint ver) i Hallinglykkja um sumaren so samlast det ungdom baade fraa hallingstølane og Valdresstølane og so var det dans baade laurdagskvelden og sundagskvelden. Det var paa danseplane i friluft. Eg var sjølv med der ein gong som speiemann for umlag 45 aar sidan. Desse møtene var vel ein leivning etter desse fjelldansane som ikkje alltid gjekk so pynteleg for seg. Men i den sinare tid (ogso daa eg var med var det ei hyggeleg og uskuldig moro utan ein drope brennevin. Me vart innbedt paa gardane (typiske fjellgardar 8-900 m.o.h) og fekk traktering. Me fekk og lov til aa danse nokre dansar paa kvar gard, men helst paa laavane. Det var sundag ettermiddag. Grunnen for at me fekk danse slik var vel at me hadde fele og trefte Storehagen eller Storelykkjaren som han og var kalla. Han var so glad i fela og han fylgte paa med oss rundt alle stader.

B.Gjestebod saman med eldre.

- 67. Vanlege, mindre gjestebod der serleg grannane kom saman var helst i jola. I allfall var det slik i gjannelaget hjaa oss. Grannahe kom saman ein kveld hjaa kor. Det gjekk paa umgang. Men dette var berre dei eldre. Det var bra med mat heimebrygga øl og gjerne pons. Eg hadde faatt meg fele og spelte att desse konone som saag ut til aa ha best hug til aa friske upp at den gamle dansen. Serleg kan eg hukse noko dei kalla den gamle sviningi i valdresspringsgaren, noko som alt daa var lagt burt, men som dei hadde sett i sin ungdom og som den gongen var ~~vara~~ for "gamal". Desse kjerringane hadde nok faatt litt i toppen, og sidan kom dei ofte innpaa dette, for moro skuld, um daa dei dreiv med den gamle sviningi?

For historien skuld so kan eg nemne at det var serleg fru Marit Kirkevoll (Brager) som var den eine parten. Den andre var fru Ingrid Semleng som var so karsleg. Den fyrste var syster til den kjende spelemannen Jørn Røn og ho var sjølv svert musikalsk og spelte paa langeleik og tussefløyte. Desse smaa grendegjestebodi var gjennom fleire aar for 50-60 aar sidan og held seg vel framover.

Dette var "sjølve-folket". Men so var det dei yngre. Den tid eg vaks upp og framover var det mest gjento i den krinsen. Men dei fann paa moro for det. Dei kom saman i smaa lag og dansa med kvarandre. Eg fekk vera med som spelemann.

Nørst i Lome sogn i V.Slidre i ei grend som dei kalla "Norda Berget", var det mykje ungdom daa eg vaks upp baade av guta og gjentor. Det er 8-10 gardar i den grendi og med 3-4 ungdomar paa kvar gard so vart det ganske mange tilsamen. Eg hadde morsyster mi paa Aastad. Og det hende at mor og eg tok oss ein tur med hest i joli. Det var mykje paa oppfordring for at dei kunne faa spelemann til desse grendegjestebodi. Det var ein kveld hjaa kor gjerne heile veka igjenom. Det var mat og traktering av alle slag, med dans og annan moro til langt ovre midnatt. Det var ei hyggeleg og uskuldig moro. Danse fekk dei overalt.

Til andre tider var det isama grenden korgeauksjonar eller ballar til innkome til eit eller anna godt fyremaal. Det var serleg vaar og haust. Daa var det som oftast rummegraut, spekjikjøt og det som elles tilhøyre. Desse samkomone var tildels opp i nokon heimstølar eit stykke upp i aasen.

Ved barnebaarne daap var det gjerne samla nokre til ein liten fest, og det raakte det var dans ogso um det var lett til spelemann.-

Ved gravferder kunne det om kvelden vera leik av borni.

Dans i gravferd har det vel vore fraa gammal tid. Det var vel ein lekk i gravferdsermonien. Eg har ikkje høyrt anna um dette fraa Valdres enn at dansen skulde vekkje upp den døde att i tilfelle han var "skindød". Truleg har det vore likvaka i Valdres og, og at det var daa dei dansa. Stort sett so har gamle skikkar halde seg lenger paa vestlandet. Men eg tykjer det gaar over grensone i det kaaseriet Arne Bjørndal hadde i radio um "likvaaka" den 8/1 1960. Ein høyrde ikkje anna en um dans i stova der liket laag og for det meste dansa dei so liket datt av krakken og ned paa golvet. Ved eit høve sette dei likkista paa ende upp i ei kraa for aa faa betre plass til dansen. Dette trur eg er overdriving og tener berre til aa seta ned folket og folkelivet i bygdene ved aa gjera dei til raa og brutale mennesker som dei ikkje fortener. - Alt var sikkert ikkje bra den tidi heimebrenningi florerte som verst, men me skal ikkje sjølv ved overdriving seta oss ned naar heile landet høyrer paa oss. Ja, dette var eit sidespenn.

68. Var ikkje noko bestemt um dette.  
 69. " " " "  
 70. 1915 lét eg i brulaupet paa Bakke (Norda Berget) der det var brudlaup med dotteri Ingebjørg og Torger Aastad. Der var det stabbedans. Um det har vore slik dans sidan veit eg ikkje. Daa gav kvart par i fela. No er det slutt med det. Siste sumar var eg spelemann i to hardangerbrudlaup her ved Oslo. Det eine paret vigde i Grorud kyrkje. Det andre i Haslum kyrkje. Det var utlaant brudeutstyr med Krune fraa Aga, Hardanger. Det første kom og paa filmavisa. Baae vart halde i gamal stil med gjøyming av brudebumba-spel fraa kyrkja, spela inn rummegräuten m.m., brudedansen men det var ikkje stabbedans. Kjøkemeistar var det sjølvsagt.  
 71. Aa kanse saman gut og gjente til stabbedansen var gjort berre, eller først og fremst, for dei som det kanskje var litt imillom, og ikkje for kritikk eller straff,  
 72. Eg trur at dei alle fleste hadde hug til aa vera med paa stabbedansen. Men ungdomen var blug den tidi so det kan nok vera at ein og annan tykte det var "leit", men kanskje ein dram hjalp til.  
 73. Ikkje som eg veit, men dei fekk kvar sin dram dei som skulde paa stabben.

#### C. Andre høve der dei eldre var med.

74. Det var vanleg at all slags dugnad slutta med dans. Det var det som drog ungdomen og eldre med. Eg var med i fleire dugnader i grendi vaar baade i skurd (kornskurd og potetgraving.) Fyreaat var det gjeve bod til dei som ein trudde vilde vera med. Det var god mat, litt sjenk og arbeidet gjekk med liv og lyst. Um kvelden var det pons og dansen tok til. Daa hadde dei eldre ogso høve til aa koma med. I ein dugnad i Landsrud var det med ein som var det meste av 80 aar. Andris i Mossaase. Han var noko tunghøyd, men daa han hadde faatt ponsen so dansa han so det slatt. For 3-4 aar sidan spelte eg til 4. generasjon som var tilstades i eit lag paa Ringerike. Dette tykte eg var morsomt. (4. generasjon etter a. u.).  
 75. Paa auksjonar var det med mykje ungdom, sérleg gutter. Gjentone kom utpaa kveldsida og for det meste vart det dans om kvelden med kaffesalg.  
 76. Aarvisse marknader var det ikkje i mi bygd.  
 77. Fell burt.  
 798 Det var vanleg med samskotslag med mat gjerne rummegräut, og tildels pons, men ikkje so ofte det. Det var dans. Det kunne nok vera med eldre ogso, men det var ikkje vanleg at gifte gjekk paa dans den tidi. Det kunne vera berre ein og annan.  
 79. Det vart kalla ball for det meste, men ogsaa "stuk" kjem vel av aa staake. Det kunne vera rummegräutball, skyttarball.

D.Såmkomer der ungdomen var mest for seg sjølv  
a.).Om sumaren.

80. Det var gjenteball -der gjentone stod for alt.Det mot-satte var guteball.
  81. Det var ingen spesiel innbjoing.Dei gutane som høyrd til grendi kom. Dette var helst um sumaren.
- Naar det var syskuleball (av gjentor) av deilitt betre som hadde avslutningsball ) var det gjerne innbedt til dels av likaste gutane. Men det raakte at det vart missnøye av det-og tildels stygg leven ute. Soleis kan eg hukse eg skulde laate i ein syskuleball i Ulnesøyn (lokalet i Ulnes).Det var berre innbedt av dei gutane som skulde vera likast paa solsida utover til Fagernes),mendan Hippesbygde, Ryebygde og vestsida var sett att.Men ungdomen viste um det og so samla det seg utanfor lokalet for aa halde leven. Det var det vestre eg har høyrt.Lokalet ligg like ned ved strondi.Og dei var nede der og henta seg upp heile timbersokka og sette paa huset so ein kunna tru dei ha brote ned heile huset.Det var ikkje raadeleg aa gaa ut.Ein av dei som var inne Gunnar Tveit skulde vera kar og gaa ut.Men daa fekk han eit knivstikk i armen.Det var so mykje styggar daa det var ein gift mann E.S.som gjorde det.Guten maatte til doktoren. Eg som til vanleg var spelemann der paa lokalet kunne gaa ut.Dei gjorde ikkje meg noko.Dette lokalet var forreisten kjent for aa vera uroleg.Det saag eg daa ofte nok. Men eg som spelemann fekk gaa i fred alle stadar endaa eg lét meir og mindre paa 4-5 danselokal i min ungdom.
82. Gjentone skaffa seg løyve til hus paa gardane og dei stod for innkjøp og spanderte paa gutane.
  83. Kor mange det kunne vera paa ein gjenteball er ikkje so godt aa seia .Det kom an paa husvære og um det var med fraa baae sidor av fjorden -aust og vestsida. Det var ikkje noko bestemt umgang paa desse ballane.Det kunne vera lang tid i millom og kortare tid etter kor drivande og huga gjentone var paa slike samkomor.
  84. Det var helst laurdagskveldar det var ballar.
  85. For det meste ,utanum traktering, var det dans -kanskje litt song,leik og annan moro.Stabbedans var det i brudlaup.
  86. Det var og guteballar,der gutane stod for alt.Det kunne vera baade heime i hygdi og paa setrane.Serleg olsokballer var det ikkje so vidt eg huksar.
  87. Det var sama moro paa guteballane som den som gjentone held.Spelemann maatte vera med alle stader der skulde bli fest.
  - 88.Jonsokeftan kom ungdomen saman paa stølane og brende,dansa og hadde moro. Der smaaguten ogso kunne vera med.Ein gong eg var smaagut hadde det vorte brent ganske bra um natten like utved krokaane.Dagen etter var eg og ein til ute med eit nèt og skulde fiske.Me gjekk barbeint.Det passa seg slik at eg kom til aa stige beint ned i oskehaugen som og var full med glør.Eg brann paa meg fleire store blemor paa fotbladet.Eg gjekk med dette utover dagen medan me aa fiska.Åv og til vart so vondt at eg maatte seta foten ned i vatnet.Det var sjølsagt ikkje bra.Saari vilde ikkje gro etterpaa.Men ei kone Agnette Leirhaugen fekk laga til ei smørjo ved aa brenne saman tyri og flesk i ei panne daa grodde det bra.

I min ungdom trengtes ikkje so lang førebuing til aa faa til moro.Ein laurdag paa ettersumaren var det to gutar av oss som tala um at det kunne vera moro aa faa til ein ball um kvelden.Dette var ved nons bél (ved kl 4).So tenkt so gjort. Fyrst maatte me gaa til Tølleivson i Gilhus og sikre oss hus.Han var aaleine heime.Det fekk me. So var det aa faa tak i kaffe og det som skulde til og so faa sendt ein besked noæ i Mossbygde.Gjentone skulde ha med mat. Elles var det

det sendt bod rundt i gardane der det var ungdom. Det gjekk som ei "order" eller bodstikke. Og mykje folk kom det og moro vart det. Eg nemner dette for aa syne at det gjekk aa faa til moro ganske enkelt. Og ungdomen var kvikk og snar i vendingen til aa vera med.

89. Kvanne var nok brukt før min tid, so noko bestemt um den har eg ikkje hørt, heller ikkje um bærssanking.

90. Ukjent for oss.

91. Um laurdagane eller sundagar samla ofte ungdomen seg og eldre med serleg paa stølane og dansa paa plane eller slette finntoppfetar (dansarsletthaugane paa Nøsen) Der kunne det ogso dans med traktering og ofte med rummegraut. Det raakte ungdomen hadde slike samkomor ute i øyar i fjorden. Slik var det ein ball ut i Flisøy i Storevatnet. Eg skulde laate. Men det var so mykje mehank at det maate staa ein med eit lummeplagg og slaa vekk mehanken fraa ansiktet mitt. *medan ig lef.*

I ein annan dans i eit sel paa Nøsen tykte dei at vaggel-aasane var i vegn for dansen. Men han Knut og Embrikk som eigde stølen saga ned aasane og bar dei paa dør. Dette var i Bakkaakerstølen. So eg har sett mykje rart i mine unge dagar. - Det var aldri brennevis paa desse samkomone paa stølane.

I Grunke, der eg var fleire sumarar og var med fiska. Der var det dans og moro ofte serlig ved Jonsok. Det kom og gutar fra Storlien og Smaadalen (Vangstøla) Me var ogso nordover paa ~~STØLEN~~ Storlien. Eg hadde med fela og dans vart det. Me vart ein gong bedne inn alle saman paa Bøa-stølen og fekk kaffe og traktering. Det var hjaa Johannes og Jartrud Bø, som den gongen var ~~gifte~~ *(fr syskin)*

Det var gamal tradisjon at det var Storlidans. Før kom det og hallingar fra hallingstølane i Hydalen. Dei reid ~~daa~~ paa hestar.

92. Nei ungdomen passa seg nok sjølv. Det var uskuldig moro utan ein drope brennevis. Og folk fraa Vang, som eg sidan har trøft og som daa var unge, tykjer det er moro aa tala um daa me i vaare unge dagar var saman i Grunke og paa Storlien.

Liknande var det paa heimstølane i Slidre. Paa Paalsétsida. Der var det dans paa Krokaanfête. Der hadde ungdomen samla seg seg til moro, heist sundagane daa ungdomen var der uppe og slo stølsjordene. Daa det det lei litt uppaa hausten so maatte dei taka til um dagen og so brende dei naar det vart myrkt. Daa samma folket seg fraa alle stølslag som *laag ikrihg*.

Her kunne ein møte den sama gjestfreiheit som i Grunke og paa Storlien. Ein gong det var dans paa Krokaanfête so saag det ut til regn. Daa vart heile dansarlyden beden burt paa Røn-stølen paa Trøllhøvd. Der fekk dei danse til langt paa natt og kaffe og traktering fekk alla saman. Det var Mons Røn og two av systrane hans som var paa stølen. Dei var *og* <sup>med</sup> paa Krokaanfête.

Ein kunne laga moro berre med aa koma saman ute paa den maaten. Naar ein so hadde musikk og brende lite so kom folk av seg sjølv. Dei let seg ikkje beda. Dette syner at ungdomen, som rimeleg kan vera, kjende trøng til moro. Og dei kunne faa det til utan at det kosta noko.

93. Ungdomen kom som regel ikkje saman um helgedagane utan at noko slikt laa fyre.

94. Brygge eller jerbanest. var der ikkje. Det var ikkje vanleg at gjentor og gutar gjekk saman etter storvegen held til andre tider enn naar dei skulde paa dans. Unggutane derimot var svert ofte saman um sumaren, serleg fraa vaaren, paa storvegen og kappast i hopp av ymse slag, men alle mest aa øve seg i hallingkast eller rundkast. Anten var det aa finne ein lagleg kvist paa eit tre eller aa halde upp ein stav

//

med hatt eller huve paa.Daa gjekk det spenn i spenn (kast i kast).Og det var utruleg kor mange som lærde seg til aa gjera stempla kast.~~Koma~~ likt ned paa baae føtene, No idag er det berre ein halling og ein valdris som kan gjera eit stempla heilkast.Det er Knut Buset fraa Aal og Olav Martinsen fraa Skammestein, Slidre.No i Oslo. Men i mitt uppvekstre var det over 50 stykker so eg har registrert og som kunne denne "edle" kunsten.Det er trist at e ein so sermerkt og storfelt norsk idrott skal bli gløymt. Eg har tala so ofte med idrottatoritetane um dette.Men det einaste dei har gjort er at dei fekk take nokso mange gode bilet av kastet til Knut Buset. Det vart take i ymse stillingar.Men gjera noko for at det kan halde seg levande framover blir ~~ikke~~ gjort.

### b). Om vinteren.

95.

Det var ikkje noko bestemt um slike møte~~der~~ gjentor og gutar kom saman.Men det var ganske vanleg at eg var saman paa grannegarden Semleng med two gutar der.Me øvde ogsaa um kveldane um vinteren i ymse meisterstykke,men alle mest aa spenne hallinkast.Ja,det raakte at far til gutane var med ogso.Serleg var han fling i ei balanse Kunst som heite "aa slaa han Tor drøkkin".Det gjekk for seg slik at ein hadde ein børisk**(bordisk)** eller tretalikk i kvar hand Sette dei paa egg ned paa golvet,retta so føtene vakover so at ein stod paa taaspisane og desse børisko.Kunsten var aa kunne balansere paa taaspissane og den eine bordiskens aa slaa til eit eller anna ein hadde sett upp paa golvet med den andre. Det var ikkje liketil aa greide.Dette er paa ein liknande maate kjent fraa Finland.

Kunne ein snu seg seg rundt 3 kast paa hælen eller fotbladet daa hadde ein "slege han Tor Drøkkin" som det heite.

Dette var ein tur i hallingdansen,som er den sama som korketrekkaren dei gjer paa skjeisor.

96,97 ukjent.

98.Har ikkje høyrt um møter i fjøset,men ei tid laag gjentone i fjøset og tildels ogso gutar.

99. Det var ikkje so lite song av bygdeviser,men det var mest naa gutane var samla for seg ute eller inne.Gutane kunne helst drive med ymse meisterstykke som aa "gaa til maanen". Sita paa ei literflaske og tre i ei naal,smette mjuke, mjølke ~~bjønn~~ bjødn. Dragast revkrok.Ofte slo dei ball. Kara holoball.Jeppa o.s.b.

100. Det var ogso ballar um vinteren.Det kunne vera skifestar, skeisefesttar,Traavarsexsaer.Det var mest som noko finar det.

101. Dei hjalp nok kvarandre so godt dei kunne.

102. Dei som stod for ballen ordna med spelemann.

103. Gutane held kaffe og gjentone mat ofte-eller dei baka jolekakor. Var det ball med pons so maatte gutane bera utgifti til det.

104.Eg trur åkkje det vart oftare dans daa trekkspillet kom.

Daa i min ungdom var det ei tid det nesten var dans baade laurdagskveld og sundagskveld anten paa Kvamshald,Slidrehuset eller Jomsborg.Desse lokali laag i V.Slidre.Ungdomen som var med var som regel med i styret for huset og so laaste dei upp og naa ein so hadde spelemann so vart det billing dans.Det vart som regel berre ~~til~~ reingjering.Spelemann fekk ein dram av og til Og med det vart det.For at det skulle vera letvint til fela so hadde eg den liggjande paa Tvenge.

Ein heim like ved Slidrehuset.Dette var serleg paa ettersumaren og tok gjerne til i slaatten.Syklane var komne i bruk og det møtte fram ungdom baade fraa Ulnes og vang.Fraa vaaren var det ofte dans paa danseplaner som var plannert ut av ungdom og som laag slik til at det ikkje gjorde

15225

12

skade, helst lagt upp paa bergknausar. Paa vestsida i Røn hadde me Dalaberget og Semlengsberget som ofte vart nytta i min ungdom. Nord for Landsrud hadde det vore ei slik plan, men det var før mi tid. Sidan eg reiste ut hadde dei faatt seg til ei danseplan i Øvre-bygden nord upp for Haugrud. Det hadde namnet Jørnhus. Før mi tid var det ei plan uti noko øyar ute i fjorden Skrøvikøyndn (ut for garden Skrøvike.) Ungdom samla seg og sundagane paa Øisberget (ved garden Øde) Men trur ikkje det var dans der, men det var bra utsikt.~~det.~~

Paa austsida i Røn var det ~~Storhaugberget~~ Storhaugberget. Det var meir som samlingssentrum for heile Røn sogn og til-dels fraa Ulnes. Det var serleg 17.mai-festar her, fyrst for skuleborn og sidan ~~for~~ <sup>vanligvis</sup> for eldre. Det var ymse leikar for borni, taler og mat og kaffe. Um kvelden dans for dei vaksne. Det var ofte møtestad for ungdomen sundagskveldane sidan um sumaren og - dans um dei hadde spelemann. Eg kan hukse med eg gjekk i folkeskula at det var idrottstevlingar paa Storhaugberget.

Ei tid før mine dagar var det noko dei kalla Haugset-plane ut. Hokksetplane der ungdomen samla seg til leik, dans og moro. Den laag utanfor storvegen gaar 2-300 m. nord for Fosheim Motel. Namnet kom at det like ved dreiv ein mann "gamle Hokkseten" med lite handel. Han var spelemann og daa fann ungdomen snart ut at dei skulde faa til ei danseplan like ved spelemann. Det vart laga eit dansegolv paa denne plassen etter eg reiste ut.

Upp i Hippesbygden-nordupp for Kamrud (i Ulnes) laag ei stor danseplan som hadde det morsome og sikkert gamle namnet "Hallingtrampen". Um dette namnet kjem av at det i sin tid har vore med hallingar er uvist. Det er i allfall mykje hallingblod i Hippesbygden, - mange gjentor fraa Hallingdal har vore gifte hit. Ikkje mindre enn 3 systrar fraa Haga i Hallinglykkja vart gifte paa kvar sine gardarder. Det var Kari gift til Sundheim, ei syster Barbro gift med Tore Sundheim. Den 3.syster gift til Ragnus (Rognas) Ein bror Knut kjøpte ein gard Kamrud. (Eg nemner dette for det kanskje kan ha si interesse for ettertidi).

Me kan finne att desse gamle morsomme namni i Drammen og paa Kongsberg - det var "fjelltrampen", var vist namnet paa lokalet der markensfolket møttest og dansa. I den siste tid er denne tradisjonen take opp att med kapping i spel og dans.

Elles møttes ungdomen paa ~~bruer~~ bruene og dansa, det var lettar og danse der enn i vegen. Det vart ofte nytta munn-spel og so som dansemusikk. - Eg var forreisten mykje med og ~~h~~et ved alle slike høve~~og~~ var ofte paa Hallingtrampen og ~~fl~~ét. Det var serleg paa ettersumaren naar det var maane-skin. Elles kunne det bli i murkaste laget med dansen ~~uppa~~ haustsida, kaldt var det og. Men dei varma seg med dansen og det var heilt gratis moro og so treftes gjentor og guitar. Paa Hallingtrampen var ofte mykje ungdom samla. Paa desse utedansane kunne det bli bra moro. Og dei har spelt ei stor rolle i folkelivet og ungdomen. Det var sunnt aa drive i friluft med passeleg varme um kveldane og natti.

Spelemann sat paa ein Stein i utkanten og var sjølv sagt midtpunktet. Var det nokon som hadde ein dram so fekk speleman ein smak. Det var det heile.

Naar eg var i Ulnesøyi aa lét so var det vanleg-kr. 5,- for aa laate fraa kl. 8-9 om kvelden og til paa morgonsida. Det kunne ofte bli det meste av 10 timer. Det var ettersom det var lange netter. Ungdomen maatte helst vera komen heim for det ljosnar av dagen. - Pause i dansen var det som regel berre medan spelemannen fekk seg kaffe - eller rummegraut um det til døm, ~~k~~orgauksjonar. Daa var det ofte at gjen-tone hadde ein spelkom med rummegraut i kørgen. No i tidi takar dei ofte musikk fraa næreste by og den gaar upp i baade 2 og 300 kroner so det er skildnad.

Skjeisegango var vanleg naar det var haal-is i mitt oppvekstre og før ogso. For 75 -80 aar sidan var det tevling (utan premi) so vådt eg veit paa skjeisor. Dei gjekk fraa Røns-synde (sundet) og nord til Ristebruni og attende. Det blir vel umlag 4 mil - eller ikkje fult det etter isen.

4 eller det var 5 av dei beste gjekk i lag utan at nokon tok tidi so vidt eg kan hukse. Den som fyrst ~~var~~ <sup>var</sup> best-sjølsagt og vart sett upp som den beste i bygdi. Det var ikkje liten ære. Det var Reidar i Kvaalsbrøta, som sidan reiste til Amerika, Einar Rebne, Nils Bondeby som endaa lever. Han er no det meste av 100 aar. Eg er ikkje so sikker kven vart best, men ~~og~~ eg har det nok paa ein plass. Dei andre som var med kan eg ikkje hukse namni paa.

Elles var det vanleg at smaaaguten var paa isen baade ei tid og annan. Ungdomen (baade gjentor og gutter) var der helst sundagane og um kveldane. Daa held dei ~~vi~~ <sup>vi</sup> hendene paa kvarandre, so det kunne bli nokso lang tverrekke. Ofte maatte gutane binde upp att skjeisone paa gjentone, noko dei visst ikkje hadde noko imot. Av og til var det tevling med premiar. Eg var sjølv med daa eg var smaaagut og oppover. Eg kan hukse at eg og ein til skulde kappgaa um kr. 5,- som noko amerikansera fraa ~~Reisen~~ Reien hadde sett upp. Eg fekk 5 kroningen. Eg kan og hukse eg var med paa ei premigong ut i Ulnes. Det hadde kome ei stor linne, so det stod mykje vatn paa isen. Men rennet skulde avviklast, og me gjekk so vasspruten stod so me vart vaate langt upp paa leggen. Me maatte sidan inn paa ein plass og faa turka sokkane vaare.

Paa isen um kveldane var det ikkje uvanleg aa finne ved inne paa strendene eller ute i øyane og gjera upp varme. Daa kunne det hende at ein kunne synge visor eller det var finne paa eit eller anna s.t.d. slaa paa ringen (eller banke paa ringen som det heite der uppe *(med skjessone på)*)

Ungdom kom ofte saman og "ok" paa kjølke (kjelke). Det kunne vera i skogsvegane eller i ein veg som heite Gullvegen. Det raakte dei tok ag brukte heile langsledar og akarsle-dar som var lettare aa fra upp att.

Um sundagane kunne ungdomen møtast i skibakkane. Det var mest gutter, men ogso gjentor var med. Som smaaagut kan eg hukse det var premihopping i Semlengsbakka. Det lengste hopp var paa 32 meter av Knut Berge som enno lever.

Paa grannegarden var det ein slags merkeleg bakke heite "Kyrkjedokke". Den ligg ~~ganskæ~~ ikkje langt fraa kyrkjegarden som laag paa vaar grunn. I den bakken var det sport aa staa paa ei ski. Men beste balansekunsti var aa staa paa ei ski og halde den andre i véret krøkt bakover. Det var paa den vinstre foten me stod ~~paa~~. Her held me paa til langt paa kveld. Me tykde det var mest moro aa aka her etter det var mørkt. - Kyrkjedokki hadde ein ganske lite bakke nederst, men vart større og brattar ~~XXX~~ øverst upp. So her kunne ein velja etter som ein var god eller daarleg i balansekunsten.

Balansekunsten hadde mange prøver. Ei av dei var "aa sveve ei kyrkjeklukke" d.v.og taka ringartoget og draga klukka ned so forsiktig at ~~KYRKJESKAKKEN~~ klukkehellen la seg inntil klukkekanten so ein ikkje høyrdet det. Det var ikkje like til aa greide det. Dette prøva gutane seg paa um sundagane ved kyrkja og serleg ~~ær~~ som det var stupul klukkehus litt fraa kyrkja. Det var det ved Slidre og Lome. Det heite at ein som kunne "sveve" ei kyrkjeklukke kunne bli ein god hallingdansar og ein god skyttar. Han var stød ~~og~~, sikker i kroppen og ~~med~~ dermed god balanse, som var det fyrste vilkaaret for ein "ungersvend" i Noreg i sagatiden.

106. Det var som regel ugift ungdom som var med paa all slik leik, og det var fritt for alle lag av folket aa vera med so vidt eg veit i all fall i mi heimbygd. Det var ingen klasseskildnad paa den maaten. Men gjorde seg nok gjeldande naar det gjalt og finne seg make. Det fall mest som av seg sjøla

107. Gjentone held seg kan hende litt meir i bakgrunn enn gutane. 14
108. Kjenner ikkje til det.
109. Som regel var alle slags samkomor fri for kvar og ein. Men naar det gjalt dans so var det ofte religiøse grunner som vart gjort gjeldande. Og eg hørde nok også tale um ei mor paa ein av ~~um~~ grannegardane skulde passe paa guten sin laurdagskveldane so han ikkje kunne koma ut paa nattelauping. Ho stengde han nokso godt inn ved aa laase døri. Men guten hadde ordna seg med aa take ut ei rute i glaset og naar det lei ut paa natte so drog han ut. Og det har vorte fortalt at han tok baat over fjorden og "flaug upp Hande-aasane "ette gjento", medan mori trudde ho hadde fuglen inne. -Guten reiste til Amerika i ung alder og vart gift der burte ~~i ung alder~~ med ei engelsk dame. Daa eg var smaagut var dei paa gjesting i heimbygden.
110. Det var sikkert i faa tilfeller det eksisterte noko konkret forbod mot noko slags samvær. Var det noko som ikkje passa so fall det mestsom av seg sjølv.

#### IV. Juletraad.

Den guten eller gutane som kom inn til spønakvenfølko etter jole-vart kalla ~~RØKKEVÆRNEKALLERIX~~ "rokkesveina" eller "rok-kemenna". Det var dei tre første som kom inn som vart rakkemenna. Og dei fekk rakkemenna anten det var gifte eller u-gifte spønakvenfolk. Var det fleire kvennfølg paa garden som spann so kunne det bli litt vant med utrekningen; før rokkemennane maatte staa i tilhøve til naar kort kænnfolk hadde take til med spinningen. Til fleire kvennfolk det var paa garden til lettar var det for aa gaa surr i rekningi og namni. Dette med rokkemenne hadde mykje aa seia kven det var og korleis dei saag ut. Raakte det seg so at det kom noko skarve ~~FANNAZARK~~ fantar so var det reint ille. Serleg naar det var gjentor som fekk slike stygge rokkemenna. Daa kunne det gaa paa erting heile vinteren framover. Og det hende at det kunne bera paa graaten med gjento som hadde vore mest uheldig. Det fortel kor stor vegt det vart lagt paa dette med rokkemenna.

Gutane hadde paa sama tid sine "laavedunko" (ikkje laavedumpo i V.Slidre) Etterkvart som som karane etter jol hadde vore paa laava, so skulde dei ha dei tre første frammandkvennfølke som kom til gards til laavedunko. Og det var akuratt det sama med laavedunko som med rokkemenno. Var guten uheldig so kunne han bli erta framover so han vart sint meir enn ei gong. Sjølve folket fekk også sine rakkemenna og laavedunko, men dei tok det ikkje støtt so høgtidsamt. Det var nok meir slutt med dette daa eg vaks upp. Men eg kan hukse at eg stod paa laava og treskte med tust. Det var like etter jol. Daa kom grannkona Marit Kirkevoll inn i ~~KØVÆRRIX~~ laavedøri og sporde meg um ho var den fyrste laavedunka mi. Det er over 50 aar sidan trur eg.

Før var det nok mykje staak med aa prøve aa faa ei eller annan gjente til aa koma paa garden første tresjardagen. Burte paa andre gardar kunne dei finne paa eit enn anna æring som gjenta skulde utføre. Slik var det også naar det gjalt rokkemenna. Dei kunne faa avgårde bra folk, men ofte hende at dei fekk sendt av dei verste som fanst også, for aa faa til mest mykje moro av det t.d. rekarpakk som gjekk rundt og tiggde. Paa den maaten so hadde laavedunko og rokkemenna si uppgaaave i livet. Det var ikkje so mykje til moro og tidhygge. (Tidtrøye er eit følt ord, tyker eg). den tidi.

Lenger attende i tidi var det so at gjenta gav ei traadokke (med lintraa) til den rakkemannen ho likte best. Og guten maate gjeva ein rokk til den laavedunka han likte best. Men daa maatte det vera koma nokso langt <sup>frå</sup> og sikkert med desse.

- S.15 Svaret paa dette nr.er gjeve. 15
- 111.
112. Har ikkje høyrt um det.
- 113 Ja, det har eg svara paa, men det kom vel paa feil plass.
114. I V.Slidre heite det ikkje juletraad, men "Nyttaarstraad!"  
Naar guten bad um traad so sa han: " Traad, traad, nyttaaars-  
traad um han er alder so graa. Um han er svart so køl skal  
eg vaske han sjøl! ".  
Nyttaarstraaden skulde helst vera av lin, men det var ogso  
grader her ogso slik at nokon fekk ultraa. Korleis det meir  
var med nyttaarstraaden er gløymt - detaljane blir burte  
naar skikkane gaar ut av praktisk bruk -diverre.
115. Eg veit ikkje um det upphavelege var so at det var plikt  
aa gjeva traad til kvar av rokkemennene. Det var vel helst  
til den guten ho likte best.
116. Ukjent um rokkemennane fekk andre gaavor en traad.
117. Eg har høyrt at rokkemannen skulde gjeva ein rokk som eg har  
hemnt.
118. Har ikkje høyrt at rokkemann fekk julemat og drikke, men  
det gjorde han ganske sikkert. Skikken var at alle skulde  
ha traktering i juletidi som vart rekna like til tjugandagen,  
og daa var del vel greidt at rokkemennane fekk baade mat,  
øl og sjenk.
119. Rokkemennane hadde truleg plikter, men det er gløymt.
120. Laavedunka, kunne som før fortalt, faa ein rokk, men daa  
maatte det vera mokso sikkert millom gut og gjente. Um laa-  
vedunkone fekk noko anna er truleg, men gløymt.
121. Ho fekk sikkert baade mat og drikke.
122. Um desse pliktene veit ein lite eller ingen ting um.
123. Ukjent.
124. Vant aa svara paa.
125. " " " "
126. Har høyrt at gutane grytidleg um morgen gjekk rundt og  
pynta fjøset for gjentone, for det fekk dei traad. Det var  
ein dag i paaska, mne kva dag det var tør eg ikkje seia.
127. Nyttaarstraaden vart nok brukt av gutenetterkvart. Men det  
hende nok at guitar kunne dra saman so dei hadde traa til  
lenge etter dei vart gift.
128. Ja, eg har nok høyrt um at gjentone kunne fri 29. februar,  
men ogso heile aaret.
129. Um det verkeleg vart gjort veit eg ikkje. Det er ikkje sik-  
kert dei har fortalt dei som har gjort det.
- Sp.39. Hurra mi gjente her kjæ-mæ e - E frye so paa min nasatipp  
slepp me inn du. o mitt kind du.  
No ha e sprønge den lange veg- Paa føto mine o minn øyreflepp  
so ein vind du. slepp me inn du.  
(Dette er paa valdresmaal slik det vart uttala. Vistnok ogso tona  
til  
Kan hende er det take med i meste laget i desse svari,  
men det kan likevel ha sitt verd for ettertidi, daa elles  
slike ting har lett for aa bli gløymt.

Bekkelagshøgda, 19. februar 1960

G.Kirkevoll.

15225